

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Johan Moan,
Leksvik

(adresse):

Fylke: N. Trøndelag

Herad: Leksvik

Bygdelag: Leksvik sokn

Gard: Moan

G.nr. 8 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skav

Ein kan ikkje seia det her i bygda fins noko samnamn for slike hjelpe- eller naudforslag som t. d. skav, bite, bar eller liknande. Her har skavet absolutt vore viktigaste hjelpe- eller naudforslaget, og det har heitt skav. Men det har også vore brukt granbar, bjørkebit og eire. Granbaret og eiren er da helst brukt til gjeitene, som det har vore mykje av - og framleis er mykje av i Leksvik.

Når vi taler om skav, så meiner vi stort sett rogn og det skavet ein får av han. Andre laivvedslag som t. d. osp kan også ha vore nytta, men det er nok berre når det var riktig slum værkripe og ein ikkje kunne koma til skogs etter rogn.

Vi har ei regel eller eit rim om dei ymse skavslaga:

2

Hegg legg meg i legg,
rogn gjøe,
ospa fœ,
selja svelti, (svelti = sveltar)
viern velti. (veltí = veltar)

Med skar meiner vi det
heet som er kroggi og skal brukast
til skar, - og så den borken som
er skevi av kubbane, vedskiene,
strangane eller kvistane.

Vi seier om dette arbeidet:

Å skåvå. Eg sit og sker. Eg sat
og skov. Eg har set og skevi.

Skar er brukt til både storfe
og småfe, men, såvidt ein veit, ikkje
til andre dyr. Ein kokte ofte læng
av rognskjivilane, etter at borken
var skoren av. Og denne rognlæng-
en var halden for å vera riktig
gild åt dyra. Denne længen fekk
også hestane av, og ein påstod at
dei vart blanke i håra av han.

Men ein måtte vera svært varsam
med ikkje å gjiva dyra for mykje
av rognlängen dei første gongane.

Skavet vart gjevi dyra for seg sjølv.
Og når mjølkkyrne fekk noko av det,
vart det både feit mjølk og mykje
gult smør.

Skavet (rognstrangane og grein-
ene) vart som regel køyrd heim på
vinterfœre, og da helst på vårparten,
for det var helst om seinvinteren

og utover våren ein dreiv med skaving.

Her i bygda skov ein helst inne i stua eller kjökenet, serleg den tid det var så kaldt at borken var frosen. Stokkane, strangane eller greinene vart først sündhogne som vanleg ved og innbore. Så, når borken hadde tina, tok ein til å skava av han. Ein brukte som regel tollekniven til dette. Dei avskavne skjivilane vart no anten lagt oppi ei stor gryte, for at ein kunne koka laug på dei, - eller så vart dei lagt attom ommen til tåk som annan ved. Eller - om det var mykje av dei - vart dei utoorne og lagt tunder stabburet til seinare bruk.

Når ein skov tjukk bork var det om å gjera at ikkje borkskivene eller borkspanane vart for lange. Tjukkna var det ikkje så nøye med. Det gjalt om å få med alt som heitte for bork.

Ein brukte, som før nemnd, helst tollekniven når ein skov. Men ein kunne også bruke bandkniv (eit redskap med to handtak som koppmakerane brukar når dei reinskjer endane på tinner, kvarter eller ottningar) Da skov ein helst heile stokkar eller strangar, og sat som regel på skrovs over

4
dei, gjerne i ein sagkrakk eller
nokre liknande. Ein veit ikkje om
et avskavne regnstrangar vart brukt
til heisjord, - til det brukte ein vel
helst gran.

Før i tida, da det ikkje var så
mykje gjeter i bygda som no, var det
flust opp av rogn i bygdealmeningen.
Det var da gjerne slik at almenningss-
styret gav løyve til skavhogging utpå
vinteren. Og avgifta eller betalinga var da
gjerne 25 öre for eit hestelass rogn.

Når ein hogg skav, tok ein gjerne
heim både stamm og greiner. Før ein
tok til med skavinga, kapp ein alt
saman til vedlengd. Og så skov ein
borken av heilt ned til littlefinger-
tjücken. Det som var kunnare enn så
vart broti til små betar og blanda
med den avskavne borken.

Før ein 20-30 år sidan var det
enda mange som brukte ikkje så
rett like skav til husedyra sine år
om anna. Men no blir det meir
og meir slutt med det. Nedskrivaren
av dette har sjølv sett mangin
dag med tollekniven og skivi. Ja,
enda har eg ikkje lagt denne
"sporten" heilt på hylla. Når eg
høyres heim ved frå skogen, sleng
det alltid ein og annan rogn
ibland. Og eg synest aldri eg har
rød å brenna den gilde regnborken.
For han er like god som potet åt dyra.